

ELEVURDERING

L-06 om vurdering:

- ✪ Lærarane skal gi **undervegsvurdering** som rettleiing til eleven.
- ✪ Vurderinga skal gi **"framovermeldingar"** på kva eleven skal jobbe vidare med.
- ✪ Vurderinga skal **fremje læring**.
- ✪ Ein skal gi ei **beskrivande vurdering** av korleis elevane står i høve til kompetansemåla i faga. (*bryte ned til læringsmål*)
- ✪ Ein må kunne **dokumentere** at vurdering er gitt
- ✪ **Elevane skal delta i vurderinga** av sitt eige arbeid.
- ✪ Vurderingane må tilpassast den enkelte ut frå sitt nivå → **fremje meistring**.

VURDERINGS PRAKIS VED FLEM SKULE

Undervegsvurdering:

Den viktigaste vurderinga blir gitt kvar dag i form av ulike tilbakemeldingar til elevane på deira arbeid. (mest munnleg, men også skriftleg "retting")

Vi prøver gjerne å få elevane til å "svare" på tilbakemeldingar dei får slik at vi ser om dei har forstått. Vi må vere bevisst på kva språk vi brukar, vurderinga skal motivere.

Kartleggingsprøver:

Prioritert av skulen:

- ✪ Norsk: "Carlsten" (lesefart/ rettskriving) : alle trinn- kvart år.
- ✪ Matematikk- kartleggingsprøver haust og vår

For Haram kommune:

- ✪ "Kartleggeren" 5.-7.trinn. (matematikk, norsk, engelsk): Databasert med elevprofil. Haust og vår.

Kartleggingsprøver frå sentralt hald:

- ✪ **1., 2.(obligatorisk), og 3.trinn:** Lesing/ matematikk på vår-parten.
- ✪ **5.trinn:** Nasjonale prøver i norsk, matematikk og engelsk. (+NP 8.trinn)

Vurdering og mål:

Læringsmåla for veka står på **vekeplanane** og i klasserommet.

Måla blir gjennomgått i starten av ny plan og som oppsummering i slutten av veka. (Dei eldste har **veketest** 14. kvar dag, mot slutten av vekeplanperioda)

Ein kan også ha mål for ein time, og oppsummere om ein har nådd målet for timen.

Elevrapportar haust og vår.(prioritert av Flem skule) Beskriv kva ein har lagt vekt på i klassen, litt om fagleg og sosial framgang for den enkelte elev.

Døme på elevmedverknad:

1-3 trinn: Elevane vurderer kvarandre slitt arbeid i temaverkstad. Øver på å gi og ta imot respons.

Loggskrivning frå 2/3 klasse: To stjerner og eit ønske

Loggskrivning frå 4-7 klasse: Loggskrivning ut frå avtalte tema som elevane veit på førehand.

Elevsamtalar: Elev og lærar blir enig om kva ein skal jobbe vidare med.

Elevundersøkinga: Elevane i 5.-7.trinn er med (nettbasert undersøking) + elevråd.

Døme på foreldremedverknad:

- Viktigaste kanal er vekeplanen, følgje med, gi innspel til skulen
- Vi ynskjer at foreldra skal gå gjennom mål saman med eleven mot slutten av veka.
- Kontaktmøter/ samarbeid med skulen
- Rådsorgana/ FAU
- Foreldreundersøkinga

Skulebasert vurdering:

- Vurdering i lærarteam
- Skulen vurderer satsingsområde kvart år. Mål: forbetre praksis
- Nettverkssamarbeid med Haramsøy og Lepsøy
- samarbeid med Høgskulen i Volda
- Leiarnettverk/ opplæring
- Oppfølging frå skuleeigar (HK)

Vidare arbeid innan vurdering skuleåret 2009-10:

- ☛ Tilpasse vurderinga endå betre, slik at alle kan føle meistring. (t.d. veketestane)
- ☛ Klargjere måla endå betre, bruke eit språk som elevane forstår. Ha mål også for den enkelte timen, gjenta mål, og oppsummere, kva har vi lært.
- ☛ Gjere elevane bevisst på at dei får tilbakemeldingar ved at dei responderer/ viser at dei har forstått tilbakemeldinga di.
- ☛ Halde fokus på foreldra sitt ansvar i vurderingsarbeidet også på dei øvste trinna. Det at foreldra viser interesse gir elevane motivasjon og betrar læringa.
- ☛ Vi kan bli meir bevisst på språket vi brukar når vi gir tilbakemeldingar: Døme: **Ikkje:** "Kva kan du gjere *betre*..." fordi det då gir signal om at det ikkje er bra nok. **Men:** "Er det andre ting du vil gjere? / Kva kan du gjere annaleis neste gong...? / Kva er det neste du vil jobbe med...?"
- ☛ Framleis fokus på innhald og tid til elevsamtalane. Gå ut frå konkrete emne som elevane veit på førehand. Må ha eit system der ein noterer kva ein har snakka om, slik at ein kan halde tråden frå gong til gong.